

Liv, helse og vekst
til våre kundar og
vår vakre natur!

Nr 5 | Juni 2018 | årg. 3

Kundemagasin

Side 6-7

Badar i Bømlavatn

- Sunnhordlands flottaste badeanlegg

Side 8-9

Prosjekt i BVA

- Utbetringar over heile Bømlo



Audun Halleraker
Dagleg leiar BVA

Sol, sommar, leik og latter

Lite er finare å sjå på, enn ungar som leikar i sommarsola.

I min barndom var det å springa gjennom vasstrålene som vasspreiar laga på plenen skikkeleg morsomt. Også mine ungar brukte varme sommarkdagar i barndomen til å springa gjennom vasstrålene saman med naboungane.

Men så, BVA har sendt ut forbod mot å bruka vasspreiar og sveitteslangar. Kva med leiken i vatnet då?

Så langt ser det ut til å bli ein flott sommar, og ingen har lyst til å nekta ungane den uskyldige leiken det er å springa i vasstrålene. Sjølv om det er vasspreiarforbod, så kan me bruka vatnet til mykje anna leik og moro!

Me kan ta ut badebassenget og fylla det med vatn. Det går ikkje lang tid før ungane finn like stor glede av dette. Også vassleiker som «AquaPlay», vassballongar, og enkle vasspistolar kan gjere leiken med vatn like kjekk som å springe gjennom vasstrålene. Fyll på med vatn frå badebassenget og ungane har mykje moro lenge.

Når det er så varmt og tørt som denne våren har vore, så er det særskilt viktig at det er både nok vatn i magasin, men også at det er nok vasstrykk i leidningane.

«BVA har sendt ut forbod mot å bruka vasspreiar og sveitteslangar. Kva med leiken i vatnet då?»

Både private abonnentar og industrien som er avhengig av vatn, må ha nok vatn til ei kvar tid.

Bømlo Brann og Redning var tidleg ute og innførte forbod mot bruk av open eld, grunna stor brannfare. Om uhellet er ute, så er det viktig at me har nok vatn, så brannvesenet har noko å slökkja brannen med.

Om plenen din blir litt brunsvidd i kantane, så vil den ordne seg når regnet kjem. Og det kjem som regel tidsnok. Har du planter som treng vatn, så bruk kanne eller bøtte for å vatne desse. Det har ingen hensikt i å vatne i den verste solsteiken, vent til kvelden kjem før du vatnar. Det er den konstante vatninga som øydelegg både vasstrykk og mengde!

Så ynskjer også me i BVA at det skal bli ein varm og fin sommar, og at alle skal gleda seg, enten det er leik med vatn eller å nyte synet av dei fine blomane i hagen.

God sommar!

Audun Halleraker
Dagleg leiar



BØMLO VATN OG AVLØP

Vår visjon er:

Liv, helse og vekst til våre kundar og vår vakre natur.

«FRISKT» | Kundemagasin utgjeve av Bømlo Vatn og Avløpsselskap AS
Ansv. red. Audun Halleraker
Design & tekst: Synleg AS
Foto: Vegard Røsland
Distribuert til hushaldningar i Bømlo.



Framsdebilde: Mads og Liam Gilje Røsland har fyllt i eit lite basseng med vatn og kosar seg i sommarvarmen.



Foto: Vegard Høiland

Vannvittig mykje Bømlavatn



Me bømlingar brukte 1,7 milliardar liter vatn i fjor. Få veit kor mykje vatn dei brukar sjølve.

Drikke, bilvask, klesvask, dusj og toalettbesøk. Vatn er ein heilt naturleg del av kvardagen vår.

1,7 milliardar liter

I fjor brukte privatkundane på Bømlo over 150 liter vatn pr. person kvar dag. Det vil seia at ei gjennomsnittshushaldning med to store og to små brukar over 600 liter vatn kvar dag. Men kva brukar me alt dette vatnet til?

Dusjen er det store sluket

I følge Norsk vann brukar me om lag 50 liter vatn dagleg til bading og dusjing, 40 liter til kjøkkenet (mat, oppvask, osv), og om lag 30 liter til klevask og 30 liter til toalettbesøk.

Det er altså dusjen som er det store sluket, men mange kan gjera eit enkelt grep for å spara både straum og vatn: installere sparedusjhovud. Det er effektivt og gjer at forbruket av vatn kan halverast.

Har me ikkje nok vatn?

På Bømlo er me omkransa av vatn, og det fell litt oftare enn me likar frå himmelen. Men vatnet som kjem ut i springen har vore gjennom ei ganske omfattande reinsing og transport for å komme heilt heim til deg.

2017 hugsar me som eit veldig vått år. Men det er faktisk første gong me har gått tom for vatn i eit høgdebasseng.

«Ei gjennomsnittshushaldning med to store og to små brukar over 600 liter vatn kvar dag.»

Forbruket går opp, men produksjonen går ned!

Forbruket av vatn har auka på Bømlo, men mengd produsert vatn har gått ned. Grunnen til dette er at andelen vatn som forsvinn i lekkasjar er blitt kraftig redusert, frå

over 50% i 2010 til 16% i 2017.

Me har altså kapasitet til å produsera meir vatn jamt over, men forbruket av vatn er stort på dagen og lite på natta. Derfor treng me å lagra vatnet ein plass. Det kan bli behov for enno fleire høgdebasseng («vasstankar») i tida framover.

Båtfolket og campingentusiastane veit å spara på vatnet

Sommarstid er det mange som trivast

med å vera ute i båt - eller kjøra rundt i campingbil.

Ein vanleg campingbil har gjerne vasstank på rundt 200 liter, og fritidsbåtane enno mindre. Det er arbeid med å både fylla og tøma vatnet, så ein blir meir sparsommelig med bruken.

Mykje vatn forsvinn

Me kan nok redusera forbruket av vatn heime også, dersom me tenkjer oss litt om i kvardagen. Ein bør vera bevisst på bruken av vatn: det er ei produsert vare, ikkje ei utømmeleg kjelde.

Kos deg med bømlavatnet i sommar!

Du må fylla vanntanken på båten og campingbilen din med godt samvit, vatna blomane dine (med kanne), laga friske sommarlikar og la ungane plaska i hagebassenget.

Bømlavatn-flasker

Me i BVA har alltid hatt flasker som me har delt ut til kundane våre, for å få fleire til å drikka springvatn og ta det med seg på tur.

Nokre skuleklassar har allereie fått dei nye flaskene. Om du har lyst på ei slik flaske kan du stikka innom til oss i Hollundsdaalen og få ei gratis flaske. Det er viktig å drikka mykje vatn i sommarvarmen!



Foto: Bjørn Ingvaldsen

Bømlingen som fekk plasttorsk

Bjørn Ingvaldsen frå Moster hadde med seg kameraten Tore Fjellstad for å dra sildagarn i vår. Dei fekk ein stor og feit torsk i garnet, men det kom ein rar skulpelyd frå buken på torsken...

Det viste seg nemleg at torsken slett ikkje var feit og god, men at han hadde svelgt ei brusflaske. Det var ei 1,5-litersflaske som var avskoren heilt i toppen.

Marinbiologar har uttalt seg om saka og sagt at fisken kanskje hadde denne flasken i magen i veker, eller i verste fall i fleire månadar.

Lokalt funn, men globalt problem

Bjørn seier saka er veldig trist, og at det viser kor viktig det er at me ryddar opp etter oss.

-Det som skremmer meg mest, er at plasten er yngre enn meg, og likevel eit globalt problem.

Til sjøs i ungdommen

Som mange bømlingar var også Bjørn til sjøs i ungdommen og gjorde som alle andre: Kasta søppelet på havet.

-No veit me betre, og me må rydda opp i havet, som har vore søppelplass nummer ein i lange tider. All strandrydding er prisverdig, men det store problemet er alt boset i havet som me ikkje ser. Både det som flyt, det som søkk, og all mikroplasten.

Plastproduksjonen har eksplodert

Årleg produksjon av plast i verda har auka frå 100 millionar i 1989, til 200 millionar i 2002 og over 335 millionar i 2017, i følgje statista.com. Plast har i mange tilfelle erstatta andre varer, som tre, metall, glas og papir..

Plast på avveier

-Det er ikkje plasten i seg sjølv som er problemet, men plast på avveier, seier Bjørn.

Bømlavatn er ferskare, billigare og meir miljøvenleg. Nytt vatnet!

I følgje firmaet som driv panteordninga i Noreg (Infinitum), så er det **kvart minutt**, heile døgnet, heile året, 285 flasker som ikkje blir panta. Det blir 150 millionar flasker i året.

Kor mange av desse som hamnar i havet vågar me ikkje å tippa, men det viser kor viktig det er å returnera plastflasker, og all anna plast, etter bruk.



Energibruken ved kjøpevatn

Østfoldforskning har sett på kor mykje energi som skal til for å laga kjøpevatn opp mot springvatn. Det går faktisk med 1500 gongar meir energi for kjøpevatnet.

Også klimautsleppet er betydeleg høgare for flaskevatnet, med om lag 80 CO₂-einingar per liter, mot tilnærma null for springvatn.

Ein har heller ikkje noko avfallsproblem etter å ha tappa springvatn.



Foto: Vegard Røstand

i garnet

Nyt ferskare og billigare vatn

Vatnet du tappar frå springen tilkobla BVA sitt nett er ferskvare. Det er produsert for mindre enn 36 timar sidan.

Det er også billigare enn flaskevatn; kjøpevatn kostar ca 15 kroner for ein halvliter, medan same mengda kostar om lag 2 øre å tappa frå springen.

Det er altså mange gode grunnar til å fylla opp drikkeflaska eller glaset med godt og ferskt bømlavatn.

Vatn på farten

Sjølvsagt kan det vera meir praktisk å kjøpa ei flaske vatn når ein er ute på farten. Men har du valet, så oppfordrar me deg til å bruka av vatnet du allereie betalar for.

Så må me minna kvarandre på å sortera avfall, panta flasker og bli flinkare på gjenbruk. Ei lita endring i mange sitt liv, blir ei stor endring for samfunnet og verda.

Nøgde 1. klassingar ved Rubbestadneset skule med nye Bømlavatnflasker.

Elevar fekk Bømlavatnflaske

Nordmenn drikk stadig mindre brus, men framleis er me i verdstoppen. Det er anbefalt at barn og unge reduserer brusdrikkinga og heller drikk meir vatn.

BVA ønskjer at fleire barn og unge skal drikke meir vatn og læra om korleis vatn blir produsert. Derfor har me laga eit undervisningsopplegg for bømlaskulane. Oppegget blei brukt i forbindelse med FN si markering av Verdas vassdag i mars. Me fortel om kvifor ein bør drikka vatn, og korleis drikkevatnet på Bømlø blir produsert og distribuert, samt globale utfordringar og konflikhtar rundt vatn som mangelvare.

Om lag 500 skuleelevar på Bømlø har gjennomført oppegget og dei har fått ei stilig «Bømlavatn»-flaske. Det gjer det enkelt og kjekt å velja vatn frå springen. Flaska kan brukast mange gonger, og den toler å bli vaska i oppvaskmaskin. På grunn av den vide flaskeopninga er det mogleg å ha frisk lime, sitron, jordbær eller liknande i flaska om ein vil ha vatn med smak. Det er også plass til mange isbitar som gjer at vatnet held seg kaldt og godt, lenge.

Dersom du har lyst å læra meir om korleis vatnet på Bømlø blir produsert kan du lære meir på bva.no/undervisning.



Foto: Vegard Røslund

Badar i Bømlavatn

«FRISKT» tek turen til rådhuset for å slå av ein prat med kommunalsjefen for oppvekst, kultur og idrett, Bjørn Håvard Bjørklund. Han strålar når me kjem.

- Me har Sunnhordlands flottaste badeanlegg på Bømlo! smiler han. Det er tydeleg at bassenganlegget er eit kjekt prosjekt å jobba med.

Lærer av andre

Når ein byggjer og skal drifte eit basseng, så er det mykje å setje seg inn i. Bjørn Håvard seier dei har vore på besøk hos andre, t.d. Vossabadet og Tysværbadet, for å læra kva ein kan gjera feil - og kva andre har hatt suksess med. Slik kan me få eit anlegg som er billigare, enklare og tryggare i drift.

Tilset fire årsverk

Det er kommunestyret som vel driftsmodell for badet, og det er foreslått tre prioriterte område: symjeopplæring i skulen, folkehelse og å byggje eit idrettsmiljø for symjing. For å få dette til blir det tilsett ein leiar for Bømlo symjehall, og tre årsverk med badevertar.

Publikumsbading

Bjørn Håvard seier at målet for Bømlo symjehall er å opna for publikum sommaren 2018. Bassenget kjem til å vera ope heile året, men sannsylegvis med litt redusert tilbod på sommaren. Årsaka er at hovudprioriteringa er symjeopplæringa i skulen.

Dersom det går som planlagt, vil det bli opningstid for publikum kvar ettermiddag/kveld og også morgonsymjing ein eller fleire gongar i veka. Kanskje vert det så mange som 20.000 badande i året.

-Dersom kommunestyret vil, så blir det lagt opp til låg brukarbetaling, og det blir mogleg å kjøpe både årskort, sesongkort,

klippekort - og sjølvstekt enkeltbilletter, seier Bjørn Håvard.

Eit internt vasskrinsløp

Vardan Vardanyan i Teknisk drift seier vatnet i bassenga går i eit krinsløp, der det blir teke ut, reinsa og tilført i bassenget att. Derfor treng ein lite tilførsel av nytt Bømlavatn, under maksimal drift blir berre

om lag 5% av vatnet fornya dagleg. For å sikra eit trygt basseng vert det teke både automatiske og manuelle vasssprøvar kvar dag.

Mykje vatn!

Totalt er det over ein million liter vatn i anlegget til ei kvar tid, og driftsleiar Odd Petter Habbestad seier at det ikkje har vore noko problem for BVA å levere denne mengda. Sidan det er relativt lite nytt vatn som blir tilført dagleg, er det heller ikkje noko problem med å få levert nok vatn til drifta av bassenget.

To basseng med god temperatur

I Bømlo symjehall blir det to basseng, eit opplæringsbasseng på 12,5-meter og eit konkurransebasseng på 25 meter.

Det store bassenget tilfredsstillar krava Norges svømmeforbund stiller til formelle symjekonkurransar, det har elektronisk tidtakingssystem, og det er ein romsleg tribune med plass til mange tilskodarar.

Temperaturen i bassenga er litt høgare enn «vanleg»: 32 grader i opplæringsbassenget og 29 grader i 25-metersbassenget.

«Det store bassenget tilfredsstillar krava til formelle symjekonkurransar»

Øl kom ut av kjøkkenspringen



Illustrasjonsfoto: Shutterstock

Symjeklubb

Bømlo Symjeklubb er starta opp og vil auka interessea for symjing på Bømlo. Både mosjonistar og utøvarar som satsar på symjing kan bli medlemmer.

Arild Selle er leiar i symjeklubben og seier dei ønskjer å vera ein breiddeklubb, der alle skal kunna vera med.

I starten vil det vera trening og symjekurs, medan ein vil utvida etter kvart med andre aktivitetar gjennom klubben. Moglegheitane er store, og nokre døme kan vera dykking, stuping, undervasspolo og synkronsymjing. Livredding og opplæring for folk som ikkje er symjedyktige kan òg bli aktuelt.

Klubben ser for seg å arrangere stemne og konkurransar i tida framover, og kommunen har allereie fått forespørs-lar frå andre symjeklubar.

Symjing er ei treningsform som har låg terskel, det er lite belastnings-skadar og svært billig: Du treng berre badebukse/badedrakt og badehette.

Interesserte kan komme i kontakt med symjeklubben på Facebook.

Vatnet følgjer fysiske lover. Om nokon legg ein vasslange i ei bøtte, og det blir eit plutselig trykkfall kan vatnet bli dratt tilbake på vassleidningsnettet. Det kan få merkelege konsekvensar, som då øl frå ein pub i Kristiansund kom ut i springen til naboen!

Men det kan også bli langt meir alvorleg. Det mest alvorlege tilfellet me har hatt i Noreg er nok i 1978, då opp mot 150 menneske blei sjuke. Ein fabrikk pumpa elvevatn ut på kommunen sitt vassnett ved eit uhell. I 2007 blei avløpsvatn pumpa inn på vassnettet i Nokia i Finland, og 5000 menneske blei sjuke.

Godt og trygt vatn er viktig, for vatnet er vårt viktigaste næringsmiddel. Du kan forventa godt og trygt vatn i tilstrekkelege mengder på Bømlo, for BVA jobbar kontinuerleg for å auka tryggleiken og kvaliteten på vatnet. Me har sikringar på vassnettet vårt, for å unngå slike hendingar der me får tilbakesug og at vatnet går «feil veg».

«Me får betre oversikt og veit kva tiltak me må gjera for å sikre at vatnet er trygt og reint heile tida.»

I vår har me hatt samtalar med Mattilsynet og kommuneoverlege, og held no på å kartleggja kva tilbakeslagssikringar som er ute hos sluttbrukarane.

Det er slik at alle som har driftsbygningar knytt til landbruk, og næringsbygningar, er forplikta til å ha tilbakeslagssikring på sitt inntak. Og når BVA no kartlegg kva type sikringar som er i bruk, får me betre oversikt og veit kva eventuelle tiltak me må gjera for å sikra at vatnet er trygt og reint heile tida.

- Alle som må gjera tiltak får tilsendt eit brev, seier Audun Halleraker, dagleg leiar i BVA. - Det er berre snakk om å melda inn til oss kva type tilbakeslagssikring ein har. Og dersom ein ikkje har slik sikring, vil brevet vera ei god påminning om at ein er må få det innstallert snarast.

Interesserte kan kontakta BVA for å få meir informasjon, eller ein kan sjå på nettsida bva.no.



Illustrasjonsfoto: Shutterstock



Utbetring i gamle Arhaugen, Rubbestadneset.

Over heile Bømlø

- utbetring av vatn og avløpsnett



Bømløpakken har gitt moglegheiter til planlagde investeringar på vatn og avløpsnett, men eit stort utbetningsprosjekt gjorde omprioriteringar nødvendig.

Prosjekt til 9,5 millionar

I heile fjor gjorde BVA investeringar for lag 16 millionar kroner. Når 9,5 millionar er sett av til å utbetra gamle Arhaugen i Rubbestadneset forstår me at det er eit stort prosjekt.

Stram lukt og kloakk på avveie

Bebuarar gjorde BVA merksam på både stram lukt og kloakk på avveie. Nærare undersøkingar viste at det var fleire kloakkutslepp som kom ut i det fri i Arhaugen.

Då det gamle Wichmannfeltet blei opparbeida på 1960-talet var det eit privat anlegg. Kommunen overtok etter kvart ansvaret, men det hadde ikkje blitt doku-

mentert på ordentlig vis. Derfor visste ein ikkje kor gale det stod til, før ein gjennomførte inspeksjon.

Mykje var gale

-Det var på høg tid at det blei utbetra, seier Odd Petter Habbestad i BVA. Både vass- og avløpsnett var i svært dårleg stand, det mangla sløkkjevattn og overvatn blei ikkje ført godt nok bort. I gravearbeidet så blei dei gamle avløpsrøyra fjerna, og dei var mistenkjeleg reine. Det er nok ei stund sidan avløpet gjekk der det skulle...

«Det var fleire kloakkutslepp som kom ut i det fri i Arhaugen.»

No er avløpet samla og går til kloakkreinseanlegget i Rubbestadneset, vassforsyninga er god, og det er kome på plass sløkkjevattn. Overvatn frå heile feltet blir no ført bort og leia ut mot sjøen.

Prosjektet blir slutført i løpet av sommaren, og når det står ferdig har ein eit anlegg som kan vara i 100 år.

Kloakken går i fjellet på Svortland

Odd Petter held fram med å fortelja om det neste store prosjektet for BVA. Det er utbetring av avløpsnett på Varhaug på Svortland, og der legg BVA leiðningane på ein relativt ny og effektiv måte. Det blir bora kanalar i fjell og avløpsleiðningane blir lagt trygt inne i fjellet. Denne løysinga har ein også valgt i Arhaugen.

Hovudpoenget med prosjektet på Varhaug er å få avløpet til å renna på sjølvfall, slik at to klokakkpumpestasjonar kan fjernast. Det blir også forbeta leiðningsnett til sjukeheimen, betre brannvernsdekning og overvatnet blir ført bort på ein betre måte.

Vatn til fiskerihamna på Langevåg

Lengst sør i kommunen blir det jobba med ny vasstilførsel frå Vorland til Kråketangen. Her blir det oppstart etter sommaren, og prosjektet er på kring sju millionar kroner.



Dette er berre ei av fleire investeringar som trengst for å sikre vasstilførsel til Hovlandshagen og den nye fiskerihamna som er planlagt der.

Sikrere vasstilførsel til Moster

-På store delar av Moster er det berre ein vassleidning, seier Odd Petter. Om noko skulle skje med tilførselen har ein altså ikkje vatn den tida det tek å reparera.

Moster har skule, institusjonar og mange innbyggjarar, så det er svært viktig å få på plass tosidig vasstilførsel. Det gjenstår litt planarbeid og prosjektet får oppstart til vinteren.

Den nye vassleidningen kjem til å gå frå Naustbakken til Serklau og vidare derifrå i sjøen over til Spissøy.

Planane er politisk bestemt

Kva prosjekt som skal prioriterast står i hovudplanen til BVA, og den er det kommunestyret som vedtek. Planane går fram til 2025, men det er faktisk også teke med kva behov ein ser fram til 2035 og heilt til 2045.

Planar så langt fram er sjølvstakt usikre. Men det er ganske sikkert at me også i framtida treng reint og godt vatn i krane våre, og ein enkel og miljøvenleg måte å kvitta oss med avløpet på.

Foto: Vegard Røslund



Lei av brev faktura?

No får du BVA-rekninga ein gong i månaden i staden for kvartalsvis. Men du treng ikkje å få den i posten.

Mange kundar tok kontakt med oss i BVA og spurte om å få faktura ein gong i månaden. No er fakturabeløpet lågare og det er ein fast dag i månaden pengane går ut av konto.

Unngå papirfaktura i posten

Vel du e-faktura slepp du å få rekninga i posten. Då kjem rekninga i nettbanken, og du treng ikkje å skriva inn lange KID-nummer. E-faktura må godkjennast i nettbanken. For å ha tilgong til fakturaene digitalt, så inngår du e-faktura-avtale i nettbanken din. Med kombinert e-faktura og Avtalegiro blir rekninga også betalt automatisk på rett dag.

Med berre Avtalegiro får du papirkopi

Nokre abonnentar har inngått berre Avtalegiro. Då vert rekninga betalt automatisk, men du får også automatisk papirkopi i posten. Årsaka er at me ikkje kan trekka pengar frå kontoen din, utan at

du får eit dokument som viser kvifor. Du kan ta kontakt med oss og opplyse om at du ikkje ønskjer brev, då ordnar me det.

Mange vel digitalt mottak

Før nyttår fekk 3% av kundane rekninga digitalt. No er det om lag 20%, og me reknar med at enno fleire vil ønskje rekninga si som eFaktura framover.

Korleis går eg fram?

I nettbanken din kan du søkje opp BVA som e-fakturatilbydar. Det er litt ulikt frå bank til bank, men som regel klikkar du på:

- 🌿 Betale, eller Dagligbank
- 🌿 AvtaleGiro og E-faktura
- 🌿 Søk E-fakturatilbyder
- 🌿 Søk på «Bømlø vatn og avløp»
- 🌿 Klikk på «Inngå avtale».

Efaktura-referansen er det femsifra kundennummeret ditt, som du finn på papirfakturaen, eller ved å kontakte BVA.

Ta kontakt med oss om du lurer på noko. Me vil gjerne hjelpa deg!

Billegare avløp - dyrare vatn

Kommunestyret set takstane for vass- og avløpsgebyr. I 2018 har avløpsgebyret blitt redusert med 2,5% og vassgebyret har auka med 2,5%. Sidan avløp er meir kostbart, vil abonnentar som er knytt til både offentleg vatn og avløp få ein reduksjon samanlikna med 2017.

I BVA jobbar me heile tida med å halde dei langsiktige kostnadane nede, samtidig som det er drifts- og investeringsbehov, både på vatn og avløp. Derfor jobbar me etter ein hovudplan som er vedteken av kommunestyret.



Kvifor får me ikkje vatna?

Me har hatt ein nydeleg vår, og det har knapt kome nedbør mellom påske og sommarferien. At me melder om vatningsforbod er ikkje så overraskande. Men visste du at det **alltid** er vatningsforbod på Bømlo?

Jobbar mot naturen

Me har tre vassreinseanlegg på Bømlo, og dei er knytt til Hollundsvatnet (1,4 moh), Finnåsvatnet (23 moh) og Kvernavatnet (64 moh).

Dei mest folketette områda på Bømlo ligg høgre enn dette, slik som t.d. Leite (35 moh) og Rubbestadneset (50-80 moh).

Tyngdekrafta jobbar altså mot oss, og me må pumpa vatnet opp til der du bur. Når mange opnar kranane samtidig (hagevatning), fell trykket og pumpene klarar ikkje å levera vatn til alle.


Du kan vatna så mykje du vil...

.... så lenge du brukar kanne. Det sjeldan eit problem med mengda vatn i kjeldene, men det kan sjølvstakt bli ei utfordring i særleg tørre periodar. Det er at vatnet skal reinsast fort nok, og at mange brukar vatnet samtidig som er den største utfordringa.

Dersom me hadde hatt ei stor og god vasskjelde på Siggjo, så hadde me svært sjeldan, eller aldri, hatt vatningsforbod.

Men no er det ikkje slik, så då må alle bømblingar respektere vatningsforbodet.

Kos deg med vatn i sommar - og la blomane og plantene dine få drikka bømlavatn frå kanne :)



Vatningsforbod sidan 80-talet

Eit søk i Bømlo-Nytt sitt arkiv viser at det er skriva mykje om vatningsforbod, også når det var fleire private vassverk på Bømlo. Det har heile tida vore eit problem at vasskjeldene ligg lågt i terrenget, og tilgangen på nok vatn var eit mykje større problem før. Det er viktig at me har nok vatn - og nok trykk - til kritiske institusjonar som sjukeheimar og skular, og i beredskap i tilfelle brann og andre nødsituasjonar.



Foto: Privat

Styreleiarbytte

Terje Gilje har vore styreleiar i BVA sidan 2010. Han er no pensjonist og generalforsamlinga har valgt Gitte Gard Talmo til ny styreleiar.

Vassvant kvinne

«FRISKT» slår på tråden og det er ei trivelig og travel kvinne som svarar. Gitte Gard Talmo bur på eit småbruk på Langevåg saman med døtrene sine, hestar, høner og hund. Til dagleg jobbar ho som marknadsdirektør i Eidesvik, der fokuset hennar er å skaffe nye kontraktar for hjørnesteinsbedrifta. Ho er dermed godt vant med vatn, men då helst som transportveg.

Gitte har tidlegare erfaring med styreverv frå mellom anna Bømlo Næringsråd og Langevåg idrettsbygg.

Framoverlent organisasjon

- Eg sa ja til å bli styreleiar i BVA ut frå det inntrykket eg har gjennom å snakka med folk, lese i «FRISKT», på nettsida og i årsmeldingar, seier ho. BVA framstår som ein profesjonell organisasjon, har lågt sjukefråvær og ei stabil leiing.

- Eg likte særleg godt å lese om driftsoperatørane og andre tilsette i BVA som brenn for jobben sin, og som nyttar ny teknologi for at me skal få best mogeleg vatn og avløp for pengane på Bømlo, seier Gitte.

Styreleiar gjennom åtte år

Gitte seier ho er audmjuk til oppgåva ho har fått, og at ho ikkje tek lett på vervet. Aller først vil ho vil bruka god tid til å bli kjent med dei tilsette og tidlegare styreleiar Terje Gilje, for å sjå kvar skoen faktisk trykkjer.

Terje har vore styreleiar i BVA i åtte år og seier mykje interessant har skjedd på den tida. Dei to største områda har vore arbeidet med Bømlopakken og lekkasje-reduksjon.

«BVA framstår som ein profesjonell organisasjon, har lågt sjukefråvær og ei stabil leiing.»

Strategisk arbeid

- Bømlopakken gjorde at me endra planane og auka investeringstakten betraktelig, seier han. - Det er viktig at me er på, når moglegheitane byr seg.

Arbeidet med å få ned lekkasjedelen starta allereie før Terje kom inn som styreleiar og er eit resultat av strategisk og målretta arbeid gjennom mange år.

Dyktige tilsette og stabilt styre

- BVA er eit veldrive selskap med eit viktig samfunnsansvar, held han fram. - Både privatpersonar, det offentlege og næringslivet stolar på at me kan levera. Særleg fiskeindustrien treng mykje vatn med høg kvalitet. Han seier BVA har klart dette sidan ein har dyktige tilsette og eit stabilt styre.

Terje avsluttar intervjuet med å ønske den nye styreleiaren lukke til med vervet og oppgåvene som ligg føre.

Vann-vittig :-)

BVA gjennomførte i vinter ei kundeundersøking for å finna ut kva de som kundar ønskjer me skal bli betre på.

Ikkje uventa var det fleire som kunne tenke seg lågare gebyr. (Det blir for øvrig vedtatt av kommunestyret).

Eit innspel som kom inn, muligens ved hjelp av autokorrektur på telefonen, var slik:

«Eg synest det bør vera billigare for oss som har eigen skeptisk tank!»

Me tek det med vidare til kommunestyret ;-)



BØMLO VATN OG AVLØP

Bømlo Vatn og Avløpselskap AS

Org. nr. 985 228 825

Pb 214, 5445 Bremnes

Besøk: Hollundsaldalen

Tlf: 53 42 88 40

Vakt: 53 42 88 45

INFORMASJON

Retur: Bømlø Vatn og Avløpsselskap AS
Pb 214, 5445 Bremnes



SYNLEG.NO

Foto: Vegard Røslund



friskt

Bubil-entusiastane sparar ikkje på så mykje når dei reiser på tur, men dei veit å spare på vatnet.